

# Kvifor flodhestar ikkje har hår



## Barnebøker for Norge

[barnebøker.no](http://barnebøker.no)

Kvifor flodhestar ikkje har hår

Skrevet av: Basilio Gimo, David Ker

Illustret av: Carol Liddiment

Oversatt av: Espen Stranger-Johannessen, Martine

Rørstad Sand

Denne fortellingen kommer fra African Storybook ([africanstorybook.org](http://africanstorybook.org)) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge ([barnebøker.no](http://barnebøker.no)), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons

[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens.](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/deed.no)

<https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/deed.no>



✎ Basilio Gimo, David Ker

📖 Carol Liddiment


📖 Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad

Sand

🗣️ nynorsk

📖 nivå 2





Ein dag gjekk Kanin langs  
elvebreidda.

Flodhest var der òg. Ho gjekk ein tur  
og åt litt fint grønt gras.





Flodhest såg seg ikkje for, så ho var uheldig og trakka på foten til Kanin. Kanin skreik og byrja å ropa til Flodhest: "Hei, Flodhest! Ser du ikkje at du trakkar på foten min?"



Kanin var glad for at håret til Flodhest brann. Og den dag i dag, av frykt for elden, går ikkje flodhesten langt frå vatnet.



Flodhest byrja å gråta og sprang  
mot vatnet. Alt håret hennar brann  
opp i elden. Flodhest gret: "Håret  
mitt har brunne opp i elden! Du  
brann alt håret mitt! Håret mitt er  
borte! Det vene, vakre håret mitt!"



Flodhest bad om unnskyldning til  
kanin: "Eg er lei meg, venen min, eg  
såg deg ikkje. Ver så snill å tilgje  
meg!" Men kanin ville ikkje høyra,  
og han ropte til Flodhest: "Du gjorde  
det med vilje! Ein dag kjem du til å få  
sjå! Dette kjem til å straffa seg!"





Då drog Kanin for å finna Eld, og han sa: "Dra og brenn Flodhest når ho kjem ut av vatnet for å eta gras. Ho trakka på meg!" Eld svara: "Ikkje noko problem, Kanin, venen min. Eg skal gjera akkurat det du bad meg om."



Seinare åt Flodhest gras langt frå elvebreidda då det plutseleg sa "svisj!" Eld vart til flammar. Flammene byrja å brenna håret til Flodhest.